



Sotra vgs

Dato: 10.04.2014
Vår ref.: 2014/14933-32
Saksbehandlar: vibnym
Dykkar ref.: «REF»

Tildeling av midler til lærarmaskiner - Sotra vgs

Opplæringsavdelinga har kvart år investeringsmidlar til IT i budsjettet. Fordelinga av desse midlane – kva dei skal brukast til – er gjenstand for politisk handsaming.

I politisk sak 12/14 i Opplærings- og helseutvalet 18.03.2014 la Opplæringsavdelinga fram eit forslag som vart vedteke.

Det vil verte ei vidare prioritert satsing på datamaskiner til lærarane.

Opplæringsavdelinga har tidlegare lagt opp til ei rulling og utskifting av pc'ane som lærarane disponerer på om lag fire år. Kvar skule er tildelt ein sum som svarar til innkjøp av ein grunnmodell tilsvarande ein prosentdel av lærarstaben. Skulen sitt tildelte beløp inkl. moms er kr 175.185,-

Skulen må i år kjøpe maskiner til lærarane gjennom innkjøpssystemet Fins. [Hugs å huke av for "Behandles videre i fakturasystemet" i biletet under i Fins.](#)

Når rekninga kjem i Basware skal den kontrollerast på skulen og sendast vidare i Basware til Vibeke Nymo. Dersom skulen handlar utover tildelte midlar til lærarmaskiner, må faktura splittast i Basware og skulen konterer sin del før den vert sendt vidare.

Skriv i merknadsfeltet i Basware at dette gjeld lærarmaskiner.

Faktura for lærarmaskinar må sendast Opplæringsavdelinga v/Vibeke Nymo seinast 1. oktober 2014. Tildelte midlar skal nyttast til lærarmaskiner og kan ikkje overførast til 2015.

I Atea webshop vil det 17 bli lagt inn ei fane med « lærar- og elevmaskiner». Maskinen HP430 vil ligge under denne fana og er ein del av standard sortiment. Andre modellar under denne fana er ikkje standard sortiment.

Ei økonomisk utfordring med valfridom og til dømes val av Mac er at dette lett kan føra til auka kostnader, men Opplæringsavdelinga vil understreke at vanleg standard pc vil vere eit fullgodt verkty for majoriteten av lærarar.

Kva fordeling som er hensiktsmessig innad på kvar skule både med tanke på modellar og lærarar vil variere; pr utdanningsprogram, policy på maskinval, utskifting av eldste maskiner osv. Dette avgjer skulen sjølv.

Dersom skulen mot all formoding ikkje har behov for maskiner til sine lærarar, ønskjer eg tilbakemelding.

Undersøk gjerne med leverandør for når bestillinga må vere utført for å mota maskinane innan ferie eller skulestart. Tid for bestilling kan og bety forskjell på om det blir levert noverande eller ny modell.

Dersom skulen vel maskinvarer utanom standard-modellane:

- IT-seksjonen har Disk-Image til alle standard-modellane, noko som gjer at re installasjon går betrakteleg fortare enn på maskiner som ikkje er standard-modellar.
- BYOD-einingar, som til dømes Mac-modellar (OSX), iPad, Linux, Android og maskiner med Windows Home Edition, kan ikkje nyttast i HFK-domenet.
- ePhorte kan berre nyttast på domenemaskiner og Office 2010
- Mapper er berre tilgjengeleg frå innmeldte domenemaskiner (I:, P:, K:, osv)
- Direct Access-teneste (Work at home) er berre tilgjengeleg på innmeldte domenemaskiner
- Alle maskiner som ikkje er innmeldt i HFK-domenet, må ha eigne antivirus-program
- Office 2013 kan berre brukast på lærarmaskiner
- HFK har gode garanti- og reservedels-ordningar på standard-modellane

Birthe Haugen
seksjonsleiar fellestenester

Vibeke Nymo
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.